

Politikardag 27. mai 2013

Alle kommunane i Sogn har slutta opp om ein modell for vidaregåande opplæring i Sogn som møter innsparingsbehovet til fylkeskommunen. Alle 8 kommunane i Sogn (Luster, Årdal, Sogndal, Vik, Balestrand, Leikanger, Lærdal og Årdal) held fast ved modell Indre Sogn også etter at fylkesrådmannen har lagd fram si innstilling. Regionen står samla om modellen.

Sogn regionråd meiner fylkesrådmannen sin argumentasjonen for å sjå på skulestrukturen er dekkande for utfordringane ein står framføre. Dette gjeld både elevtalsutvikling, økonomi og ønske om framtidig handlingsrom.

Det er ikkje tvil om at det er nødvendig med endringar. Om det ikkje vert gjort endringar no – dvs. modell 0 / ikkje vedtak no – vil bety eit därleg tilbod for Sogn med 16 færre grupper om sju år. «Ostehøvel»-prinsippet» er difor ikkje godt for regionen. Høyringsutkastet vurderer ikkje modell 0 som sannsynleg utfall. Vi deler den vurderinga.

Sogn regionråd meiner det er heilt urimeleg at Indre Sogn skal bere ein betydeleg høgre byrde enn det elevgrunnlaget tilseier. Indre Sogn sin del av innsparinga må stå i forhold til elevtalsutviklinga. Modellane i høyringsutkastet til skulebruksplanen og tilrådinga frå fylkesrådmannen viser at Indre Sogn vert tillagt ansvar for ein langt større del av innsparinga enn reduksjonen i elevtalet tilseier. Regionen har om lag 24 % av elevane. Modell Indre Sogn inneber at vår region tek 24% av innsparinga – 18,6 mill., fylkesrådmannen føreseler eit nedtak i Indre Sogn på 24,2 millionar. Det betyr at vi skal ta 34% av innsparinga. Men ved å bruke Modell Indre Sogn vil det vere samsvar mellom elevgrunnlaget og det vi sparer inn. Innsparinga utgjer 18,6 mill. og største delen av innsparinga skuldast nedlegging av Luster vgs.

I saksframlegget vert det peika på at innsparingspotensialet i modell Indre Sogn er 3-4 mill. kroner mindre enn det som er føresett i høyringsfråsegna til Sogn regionråd og at innsparingspotensialet vert overvurdert i Modell Indre Sogn. Vi har henta tala frå skulebruksplanen (vedlegg 9)¹ som stipulerer kr 17,2 mill. i innsparing om Luster vgs vert nedlagt. I tillegg er det ei gruppe ned i Årdal som gir 1,4 mill i innsparing – totalt gir dette kr 18,6. mill. i innsparing. - Vi har teke opp med fylkesadministrasjonen kva som er bakgrunnen for denne ulike vurderinga på innsparingspotensialet. Dette vil bli klarlagd i god tid før handsaming av saka i fylkestinget. Sogn regionråd er innstilte på evt. å vurdere ytterlegare tiltak dersom modellen ikkje tek Sogn sin respektive del av innsparingsbehovet.

Vi ønskjer ikkje ein modell som fører til at ungdom utan sterkt fagleg motivasjon må søkje seg til skular utanfor regionen, må flytta ut av regionen for å gå på skule. Vi ønskjer ein modell som møter eleven og samfunnet sine behov for opplæring. Modell Indre Sogn er innretta slik at den ivaretak breidda i tilboden i regionen.

I saksframlegget heiter det at det i all hovudsak er samsvar mellom tilrådinga til fylkesrådmannen og framlegget i modell Indre Sogn. Vi deler ikkje den vurderinga. Det er mykje som skil modell Indre Sogn og fylkesrådmannen si tilråding:

1. *I tilrådinga til fylkesrådmannen vert det ikkje gjeve tilbod i Sogn i utdanningsprogramma restaurant og matfag, og media og kommunikasjon, heller ikkje i faga anleggsteknikk, data og elektronikk, dataelektronikkfaget og reiseliv. Dette gjev mindre breidde i Utdanningsprogram i Sogn enn i resten av fylket. 7 i Sogn mot 10 i Sunnfjord og 12 i Nordfjord. I vårt forslag er det 9 utdanningsprogram i modell Indre Sogn.*

¹ Skulebruksplanen delrapport 9 Omtale av dei vidaregåande skulane, side 6.

2. I tilrådinga frå fylkesrådmannen inneber at Luster vidaregåande skule vert lagd ned, og at all aktivitet ved Hafslo vert avvikla. I modell Indre Sogn vert det halde oppe aktivitet i lokal i Hafslo, og det er ein av våre føresetnader.

3. Det er ei anna fordeling i tilrådinga frå fylkesrådmannen av programområda service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. Service og samferdsle og industriteknologi bør vere på begge skulane slik det ligg i modell Indre Sogn. Påbygging til generell studiekompetanse bør også vere på begge skulane.

Tilrådinga til fylkesmannen gjev ei skeivfordeling mellom praktiske og teoretisk programområde for regionen (35% yrkesfag og 65% studiespes.)² Det er svært uheldig for alle elevane som ønskjer å gå yrkesfag og som då i større grad må bu på hybel. Vi får ein skule med eit sterkt redusert tilbod til den praktisk flinke eleven. Ungdom i Sogn vil få færre valmoglegheiter enn i resten av fylket. Dette forringar valfridomen til ungdomen som naturleg soknar til dei vgs. i Årdal og Sogndal. Modell Indre Sogn gir nesten lik fordeling mellom yrkesfag og studiespes/førebuande (49% yrkesfag og 51% studiespes).

Modell Indre Sogn får 2 vidaregåande skular i regionen som reflekterer det vi oppfattar som naturlege bu- og arbeidsområde – Sogndal og Årdal. I tilpassinga av modellen har alle partar gjeve og teke, og ikkje minst har Luster gjeve mykje. Modellen inneber eit tilbod om flest mogeleg programområde i regionen. Modellen gir tilstrekkeleg breidde til å treffe dei fleste elevane sine behov for å gå på skule i rimeleg avstand til heim og heimkommunen, og modellen tek omsyn til behovet lokalt næringsliv har. Fylkesrådmannen føresler å legge idrettsfag som fylkesdekkande til Sogn, vi meiner det faget bør vere tilbod i alle regionar. Vi har ikkje bedt om auke i antal klassar i elfag, studiespesialiserande og byggteknikk. Vidare foreslår vi at media og kommunikasjon skal vere fylkesdekkande i Sogn i eit sterkt fagmiljø med dokumentert gode resultat.

Vi har tett samarbeid mellom skule og næringsliv. Årdal har 75 aktive lærekontraktar, og talet er aukande. 75% av elevane frå yrkesfag har fått lærekontrakt siste 2 åra. 91% av elevane får oppfylt sitt 1.val. Opplæringskontoret i Årdal er velfungerande samlokalisert med Årdal vgs., og vi ynskjer å bidra til å styrke Opplæringskontoret i Årdal. Sikre fagmiljøa ved skulane som sikrar rekruttering og som gjer at ein kan halde god breidde i fellesfaga.

Vi utfordrar fylkeskommunen til å vurdera heile skuleverksemda i fylket i samband med strukturavklaringa og økonomiske innsparinger. Dette gjeld både administrasjon, tilpassa opplæring, fagopplæringa og økonomiske bindingar til bygg. Det er ikkje akseptabelt å sjå vekk frå nokre av dei økonomiske sidene utan ein fagleg og politisk debatt.

Kort oppsummert om modell Indre Sogn :

- Møter opplæringsbehovet elevane i regionen har
- Møter arbeids- og næringslivsbehov godt
- Indre Sogn tek ansvar for kostnadsreduksjonen i balanse med elevtalsframskrivinga (vi har 24% av elevane og tek 24% av kuttet i vår modell).
- Sikrar lik fordeling på yrkesfag og studiespesialiserande, at skulane held eit fagtilbod som gjer at ein ikkje kjem under eit kritisk nivå og at ein har eit tilbod til begge kjønn

Regionrådet, kommunane, skulane, tilsette og elevane står samla om «Modell Indre Sogn» der regionen både kjem innsparingsmåla i møte, og samstundes ivaretak elevane og

² For Sogndal vgs. er skeivfordelinga enno større (med 32% yrkesfag og 68% studiespes), i Årdal vgs. er fordelinga nærmest 50/50.

regionen sine behov på ein rimeleg måte. Vi har vist vilje til å gje noko for å få noko og Modell Indre Sogn tek inn over seg innsparingane.

Framlegg til ordlyd i eit vedtak kan vere:

For tilbodet om vidaregåande opplæring i Sogn vert modell Indre Sogn frå Sogn regionråd lagd til grunn. Punkt 2a og 2b, jmf. tilrådinga frå fylkesrådmannen, vert endra i samar med modell Indre Sogn.